REFERAT FRÅ PROGRAMRÅDSMØTE, PSYKOLOGISK INSTITUTT

Dato: 17.12.2024
Stad: Digital møte, Zoom.
Tid: Kl. 12.15 – 14.00

Til stade: Vibeke Moe, Jostein Eikrem Koløen, Kristoffer Trålim, Mona Bekkhus, Ida Stange Bernhardt, Pål Ulleberg, Ida, Therese Tidemann, Ylva Østby Berger, Kicki Martinsen
Fråfall: Karl Bakke Nordlie

SAKSLISTE:

O-sak 20 / 24	**Orienteringar** - Utdanningsleiar orienterte om fin vitnemålsutdeling for profesjonsprogrammet 16. desember i Universitetets aula. - Studieleiar orienterte om at PSI er blitt tildelt vidareutdanning innan bornefagleg sakkyndig arbeid i perioden 2025-2031. - Studieleiar informerte om at det blir jobba med oppdatert mandat for programrådet som vil bli lagt fram for programrådet våren 2025. - Studieleiar orienterte om at PSI vil legge ned eigne kanalar innan Facebook og Instagram og har etablert samarbeid om å legge innhaldet til SV-fakultetet sine kanalar. - Studieleiar orienterte om administrativ omorganisering i oppfølging av emneevalueringar der studiekonsulent for ulike program blir kontaktperson for emneansvarlege også for dette. Gjennomføring av evaluering og skriving av kort rapport ligg framleis til rolla som emneansvarleg.
O-Sak 18 / 24	**Oppfølging av programevalueringane** Eleonora Brekke vil stå for den administrative koordineringa av arbeidet med årseininga, bachelor- og masterprogrammet. Det blir innkalla til møter med oppstart i januar i samsvar med O-Sak 18 / 24. Det blir også jobba med dei overordna læringsmåla for profesjonsprogrammet Hva lærer du? – Psykologi – Universitetet i Oslo. Forslag til oppdatert tekst vil bli lagt fram for programrådet våren 2025.
O-Sak 19 / 24	**Nytt frå læringskontaktane ved PSI** Ida Tidemann orienterte om planlagt prosjekt om fråfall ved studieprogram ved instituttet og om planlagt undervisningslunsj våren 2025.
D-Sak 16 / 24	**Forskarlinja** Instituttstyret var positive til ei permanent etablering av Forskarlinja når denne vart diskutert 10.desember (Innkallinger og protokoller - Psykologisk institutt (PSI)). Denne saka skal opp til endeleg vedtak på Instituttstyret 7. januar. Programrådet var overordna positive til etablering av ei Forskarlinje, men drøfta også dei økonomiske konsekvensane dette ville ha. Programrådet

	drøfta også at etablering av ei forskarlinje vil bety færre studieplassar på årseining eller bachelorprogrammet. Programrådet anbefalte at ei etablering av Forskarlinja som permanent program bør være eit tilbod gitt til både profesjonsstudentar og masterstudentar ved instituttet.
D-sak 14 / 24	**Hovudoppgåve og oppgåvefordeling** Programrådet drøfta problemstilling med hovudoppgåve og fordeling av rettleiarar. Det har over tid vore utfordrande å få inn nok kliniske prosjekt som studentar kan velje. Tiltak som vart føreslått å sjå nærare på var å flytte emneansvaret for PSYC6100 over til klinisk fagavdeling, fjerne kravet til intern rettleiar, undersøke kapasitet på II-stillingar for å rettleie oppgåver og det å opprette eit fond eller liknande premiering for rettleiarar som tok på seg to eller fleire oppgåver eit semester. I oppgåver utan intern rettleiar bør det i tillegg jobbast med retningslinjer for å sikre ein gjennomgang av at etiske vurderingar og formalitetane er ivaretatt. Eit forslag var å legge dette inn som ei oppfølging/innmelding av prosjekt via internetisk komité eller liknande avhengig av kapasitet. Programrådet oppmoda emneansvarleg Pål Ulleberg om å kome med eit forslag til programrådet våren 2025 og korleis eksterne kan bidra til å sikre at oppgåvene følgjer retningslinjene. Vidare at Kicki Martinsen undersøke mogelegheita for å flytte emneansvaret for PSYC6100 over til klinisk fagavdeling.
V-sak 18/24	**Opptakskriterier for masterprogrammet** Denne saka vart vedtatt av Programrådet på sirkulasjon 29.november 2025. Programrådet stemte for alternativ 1 som spesifiserte metodekunnskapar og tilleggspoeng for retningane Arb.Org og HUS: Dei 20 studiepoenga i metode skal innehalde følgjande: **Kvalitative** metodekunnskap: • Forskjellige epistemologiske holdninger i kvalitativ forskning • Forskjellige analyser av data (for eksempel tematisk analyse) • Tolkning av resultater, inkludert potensiell generaliserbarhet, kontekstualisering **Kvantitative** metodekunnskap: • Ulike studiedesign • Ulike metoder, inkludert variansanalyse, lineær regresjon • Tolkning av resultater, inkludert effektstørrelser For Arb.Org vil det bli gitt tilleggspoeng på 0,5 for relevant bacheloroppgåve og 0,5 tilleggspoeng for fullført exphil. For HUS vil det bli gitt tilleggspoeng på 0,5 for fullført exphil med karakteren C eller betre. Retninga Cognitive Neuro var ikkje med i dette vedtaket fordi opptaket for nye, internasjonale søkarar, allereie er i gong. Endringa blir oppdatert for Arb.Org og HUS frå og med opptaket hausten 2025.

V-sak 19/24	**Endring av krav til form og struktur for PSYC6100** Oppfølging av D-sak 13/24 frå programrådsmøtet i november. Forslag til endring av krav til form og innhald med reduksjon i krav til omfang av empiriske oppgåver til 25-30 sider og teoretiske oppgåver til 30-40 sider (vedlegg 2). *Programrådet vedtok å endre krav til form og innhald som føreslått for PSYC6100. Programrådet bad emneansvarleg få inn lenke med rettleiing for referansar (APA 7) og reglar for plagiat. Emneansvarleg må også oppdatere sensorrettleiinga for PSYC6100 i samsvar med denne endringa av form og innhald.*
Eventuelt	**Møtedatoar 2025** Møtedatoane for Programrådet 2025 blir tysdag kl. 12.15-14 på følgjande datoar: - 14. januar - 11. februar - 18. mars - 22. april - 13. mai - 17. juni - 12. august - 09. september - 14. oktober - 11. november - 09. desember

Vibeke Moe
Utdanningsleiar

Jostein Eikrem Koløen
Adm. Studieleiar